



Mariola Makuch  
Hammaren 10  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3811 - 14/15174

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
07.10.2014

## Stadfesting av mottak av sak gbnr 27/114 - Trong for tilleggskumentasjon

### FØREBELS SVAR PÅ SØKNAD OM FASADEENDRING

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad 19.9.2014 og saka har saksnummer 14/3811.

#### **Trong for tilleggskumentasjon:**

Innsendt søknad inneheld ikkje tilstrekkeleg informasjon om tiltaket til at kommunen kan handsame den no.

Fasadeendringa dykk har søkt om er søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 20-1 bokstav (c). Tiltaket gjeld utskifting av vindauge med dør i grunnmuren på bustaden, samt etablering av nytt inngangsparti i forkant. Det kan sjå ut til at tiltaket inneber inngrep i bærande konstruksjonar i bygningen, som inneber at ansvarleg føretak må fremje søknaden overfor kommunen, jf nedanfor.

Det er ikkje opplyst om tiltaket skal skje som ledd etablering av ny bueining eller endring av areal frå tilleggsdel (t.d. bod, oppbevaringsrom) til hovuddel (t.d. opphaldsrom, soverom, kjøkken). Slike endringar kan gjere det naudsynt å sette inn vindauge for å stette krav til lys, utsyn og rømming, jf teknisk forskrift (TEK10).

Tiltaket er omsøkt utan ansvarsrettar, jf pbl § 20-2. Du kan ikkje søke sjølv dersom:

- Fasadeendring eller endring av innvendige areal inneber inngrep i bærande konstruksjon
- Endringa inneber etablering av ny bueining

I tillegg er det ei føresetnad for å kunne søke sjølv at eventuell bruksendring må skje innafor same brukseining og tilleggsdelen skal vere direkte knytt til hovuddelen.

Det må dokumenterast at vilkåra for å søke sjølv er oppfylt.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

I desse tilfella krev plan- og bygningslova søknad med ansvarsrettar, jf § 20-1. Det vil sei at eit ansvarleg føretak må søke om naudsynte ansvarsrettar for prosjektering og utføring.

Uavhengig av om tiltaket kan omsøkast med eller utan ansvarsrettar, krev kommunen følgjande tilleggskommunikasjon før handsaming av saka, jf byggesaksforskrifta (SAK10) § 5-4:

- Nærare opplysningar om tiltaket
- Åtkomst, vassforsyning, avlaup ved etablering av ny bueining
- Planteikningar før og etter tiltaket dersom endringar i bruk av innvendig areal
- Teikningar og målsatt situasjonsplan
- Gjenpart av nabovarsel og kvittering for nabovarsling

Det er tiltakshavar, eventuelt ansvarleg søker, sitt ansvar å sjå til at søknaden inneheld tilstrekkelege opplysningar til at den kan handsamast.

#### **Tidsfristar:**

Tidsfristar for handsaming går fram av plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 og byggesaksforskrifta kap. 7. Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søker/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og byggesaksforskrifta § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. byggesaksforskrifta § 7-2 (1).

#### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama. Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslagen.

Ventearkiv:

Inntil opplysningar i samsvar med ovanstående er motteke, vert saka lagt i ventearkiv i kommunen. Dersom kommunen ikkje har motteke svar frå dykk innan 7.12.2014, vert søknaden handsama på bakgrunn av dei opplysningar som ligg i saka i dag.

Med helsing

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakere:**

Mariola Makuch

Hammaren 10

5918

FREKHAUG